



Forsamlingslokalet Vonheim oppe i dalen vert no rusta opp slik at kjellaren vert brukarvennleg. Denne helga har 2 av entreprenørane gjort ein kjempejobb på dugnadsbasis. Tor Ove Haugland og Tore Musland har jobba med dreneringa og når det er unnagjort kjem turen til opprusting av kjellaren. Leiar Anne Grethe Sjo opplysar at den ikkje har vore i bruk på svært mange år og at det også har vore vasslekkasjar der.

No er målsettjninga å setta kjellaren i så god stand at den kan leigast ut - til dømes til familiesamkomer og andre mindre tilstelningar.

- Er det dei 20 000 koner som kom inn på basaren som har gjort dette prosjektet mogeleg?
- Dette er ein stor dugnad, men sjølv sagt vil pengane påskynda prosjektet. Førabels har vi ikkje sett opp noko overslag, seier Sjo.

Også eit av dei store trea i området er felt i samband med dreneringa.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

